

Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		24/04/2024
Fylkesutvalet		02/05/2024

Høyring - Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune er positiv til bevaringsstrategien for kysten sine kulturmiljø, og meiner at den vil bidra til å styrke bevaringa og utviklinga av desse miljøa
2. Vestland fylkeskommune meiner at valet av tre deltema er tenleg, og ser positivt på at strategien set bevaring, bruk og utvikling i samanheng.
3. Vestland fylkeskommune meiner det må utviklast ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.

Samandrag

I saka skal Vestland fylkeskommune ta stilling til framlegg til *Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer*. Riksantikvaren har sendt strategien på høyring med frist 2. mai. I Strategien har tre deltema som kvar har eigne resultatmål. Det vert skissert ulike tiltak for å nå måla. Til grunn for val av deltema ligg aktuelle utfordringar, og mogelegheiter for samarbeid og samordna verkemiddelbruk. Bevaringsstrategiane skal styrke kulturmiljøa si betyding for miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Riksantikvaren ber om synspunkt på utfordringar, avgrensing av strategien, og prioriteringar innanfor deltema og innsatsområder.

Rune Haugsdal
fylkесdirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
KFO

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Riksantikvarens forslag til bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer.PDF
- 2 Invitasjon til høring - Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer .PDF
- 3 Bevaringsstrategier - forslag til temaer.PDF
- 4 Rammeverk-for-bevaringsstrategier-201222

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Å utvikle bevaringsstrategiar er eit oppdrag Riksantikvaren har fått frå Klima- og miljødepartementet (KLD), og er ei oppfølging av Meld. St. 16 2019-2020 (Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfold).

For å ta vare på eit mangfold av kulturmiljø vil regjeringa utarbeide bevaringsstrategiar for prioriterte tema der all verkemiddelbruk skal sjåast i samanheng. I tillegg skal strategiane «bidra til å strukturere, samordne og organisere innsatsen slik at de tre nye nasjonale målene nås, med særleg vekt på målet om å ta vare på et mangfold av kulturmiljø. Dette innebærer blant annet satsinger og tiltak for å bedre tilstand og vedlikholdsnnivå, samt tiltak for å redusere tap og skade.»

Dei tematiske bevaringsstrategiane er forankra i *Rammeverk for bevaringsstrategier* som Riksantikvaren oversendte Klima- og miljødepartementet i desember 2022. (sjå figuren nedanfor). *Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer* er den første av strategiane som er sendt på høyring. Høyringsfristen er sett til 2. mai.

I løpet av 2024 skal Riksantikvaren også utarbeide *Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljøer*.



Fylkesutvalet har vedteke fråsegn til *Overordnet bevaringsstrategi* (fikk seinare namnet *Rammeverk for bevaringsstrategier*) i sak [PS 303/2022](#), og Riksantikvaren sine forslag til tema for bevaringsstrategiar i sak [PS 89/2023](#).

Om Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer

Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer gjer greie for aktuelle utfordringar, avgrensar strategien, og peiker roller og ansvar. I tillegg består den av fire innsatsområde og tre deltema.

Utfordningsbiletet

Døme på aktuelle utfordringar er bevaringsforhalda langs kysten som følge av klimaendringar, endra arealbruk, behov for handverkskunnskap, og kunnskap om bruk og ivaretakinga av kulturmiljøa. Utfordringane vil vere ulike i dei ulike delane av kysten. Til dømes er mange områder prega av fråflytting og bygningar som fell ut av bruk. Andre stader vil utbyggingspress vere eit trugsmål mot kulturmiljøa. Kystens kulturmiljø har eitt stort bruks- og utviklingspotensial i høve friluftsliv og næringsutvikling, m.a. reiseliv.

Avgrensing

Av praktiske grunnar har Riksantikvaren avgrensa «kysten» til «*i, ved eller i umiddelbar nærhet til saltvann*». Definisjonen skal vere vid nok til å femne ulike kulturmiljø langs den norske kystlinja og kunne fatte om alle tidsepokar. Det vert presisert at fartøy og båtar skal vere integrerte i deltemaa og kulturmiljøa knytt til dei. Det vert presisert at strategien også gjeld kulturmiljøa knytt til urfolk og minoritetar.

Innsatsområde

Fire innsatsområde syner kva aktivitetar og tiltak som skal prioriterast, og er felles for dei forskjellige bevaringsstrategiane og deltemaa:

- Bevaring og ombruk
- Kunnskap og kompetanse
- Oppleving og engasjement
- Urfolk og nasjonale minoritatar

Deltemaa i strategien

Riksantikvaren har valt ut tre deltema. Desse er valt ut på bakgrunn av særskilde utfordringar og/eller kunnskapsmangel. Samstundes har desse deltema også eit potensial for ny bruk av kulturmiljø, reiselivs- og næringsutvikling, og eit formidlingspotensial. Deltemaa kan ha ulik varigheit og det er opning for at nye tema kan kome til etter kvart. Eventuell nye deltema forutset medverknadsprosessar i tråd med bevaringsstrategiane sitt rammeverk.

Deltema 1: Sjøveien

Omfattar kulturmiljøa knytt til ferdselet langs kysten i eit langt tidsperspektiv, og med særleg fokus på:

- Uthamner
- Handelsstadar
- Post- og anløpssteder for kystbåtene

Deltema 2: Naustet – der vi går i land

Omfattar kystnæring og verksammd langs kysten der menneska har livnært seg med fiske og andre kystrelaterte næringar og aktivitetar i fleire tusen år. Det er særleg fokus på:

- Støa, naustet og robåten
- Sjøbua, brygga og saltebua

Deltema 3: Ferie og friluftsliv langs kysten

Kysten og fjordane har heilt frå midten av 1800-talet vore viktige for ferie og fritid. Vi finn i dag kulturmiljø frå ferie og fritid knytt dei ulike samfunnslaga frå midten av 1800-talet og fram til i dag.

Strategien viser særskild merksemrd på fyljande:

- Fritidsbebyggelse
- Fellesskapets fritid og ferie
- Fritidsbåter

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde i denne høyringa, jf. *Reglement for folkevald organ og delegering, Delegeringsreglementet*, Reglement for fylkesutvalet punkt 7. Høyringsuttale:

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med slike unntak:

- *Saker kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala)*
- *Saker med svært knapp høyringsfrist der mynde er delegert til fylkesordføraren (sjå punkt 4 i reglement for fylkesutvalet)*
- *Saker der mynde er delegert til andre folkevalde organ eller fylkesdirektør (Sjå reglement for delegering etter særlov og reglement for delegering til fylkesdirektøren)*

Sakene ein skal gje høyringsuttale om, skal i størst mogleg grad innom fagutvala for uttale før dei går vidare til fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Generelle merknadar til utfordringsbilde og avgrensing

Bevaringsstrategien på høyring er ein av fleire planlagde strategiar. Saman skal dei gje retning for vidare arbeid med å bevare kulturmiljøa i Noreg. Bevaringsstrategiane skal famne geografisk, sosial, etnisk og næringsmessig bredde. Dette gjev stort handlingsrom også på lokalt og regionalt plan, og vil etter fylkesdirektøren si vurdering vere gode verktøy for å styrka engasjement for bevaring og

utvikling av kulturmiljøa langs kysten. Fylkesdirektøren oppfattar elles at bevaringsstrategien generelt sett gjev ei god skildring av utfordringane for desse kulturmiljøa.

Om deltema

Deltema 1. Sjøveien

Deltemaet er etter fylkesdirektøren si vurdering sentralt. Det omfattar ferdsla langs kysten og innover fjordane, noko som har vore viktig for livberginga til svært mange menneske i vårt fylke. Det er lagt vekt på undertema som uthamner, handelsstadar og post- og anløpsstadar for kystbåtane. Fylkesdirektøren meiner prioriterte undertema i størst mogleg grad bør vere nasjonalt dekkande, og at desse ikkje må ha utgangspunkt i regionale særtrekk, som til dømes «Uthamnar», ein kategori kulturmiljø ein i stor grad berre finn på Sørlandsstykket.

Fylkesdirektøren finn samla sett at Vestland, med si lange kystlinje, har ei variert og mangfaldig kulturhistorie knytt til deltema Sjøveien, og eit tilsvarannde stort mangfald av kulturmiljø. Det er difor positivt at opplistinga i strategien ikkje er uttømmande. Fylkesdirektøren vil særleg rette merksemad til dei båtreisande sine kulturmiljø i dette deltemaet. Kulturmiljøa etter dei båtreisande er sårbare og til dels dårlig kartlagde. Ei større satsing på deira kulturmiljø under dette deltemaet vil etter fylkesdirektøren si vurdering vere nødvendig.

Deltema 2. Naustet – der vi går i land

Fylkesdirektøren meiner skildringa og avgrensinga av deltemaet i stor grad dekker fiskeverksemada fram til byrjinga av 1900-talet. Den store industrielle veksten knytt til fiske utover 1900-talet er ikkje omtala. Dei mange ulike fabrikkane og fiskemottaka langs kysten som vart bygd opp etter andre verdskrig er viktige kulturmiljø som fortel om utviklinga av Noreg som fiskerinasjon. I tillegg er dette kulturmiljø som vi har lite kunnskap om, og som er trua av både forfall, endring og riving.

Fylkesdirektøren erfarer at dette er sårbare kulturmiljø som på grunn av omfang og karakter kan vere krevjande å ta vare på. Av den grunn er det etter fylkesdirektøren si vurdering viktig å få kartlagt desse kulturmiljøa slik at vi får ein heilskapleg og oppdatert kunnskap om kva kulturmiljø som bør takast vare på for framtida. Tematisk kan dette eventuelt inngå i Bevaringsstrategi for kulturmiljø fra næring, handel, industri og infrastruktur. Tilsvarande gjeld for infrastrukturen knytt til fartøya slik som historiske dokkar, slippar og kaianlegg.

Deltema 3. Ferie og friluftsliv langs kysten

Fylkesdirektøren finn det svært positivt at temaet Ferie og friluftsliv langs kysten er tatt med som eit eige deltema. Utviklinga av reiselivet frå midten av 1800-talet og fram til i dag har sett viktige spor, og har vore med på å forme livet langs kysten og i fjordane. Dei prioriterte temaa er gode og omfattar sentrale sider av ferie- og friluftslivet langs kysten. Fylkesdirektøren finn det svært positivt at fritidsbåtane har blitt gjeve særskild merksemad og at ein her har sett heilskapen i utviklinga av fritidsbåten og tatt med utviklinga av plastbåtane i siste halvdel av 1900-talet. Plastbåten er særskilt knytt til friluftslivet. Der den ved å vere eit komfortabelt og lettstelt framkomstmiddel gjer kysten til eit mål for naturoppleving og samtidig ei vidareføring av sjøen som ferdselsåre. Båtar knytt til friluftslivet langs kysten er sårbare og det er nødvendig å ta inn tiltak for å hindre uynskt eksport av kulturhistorisk verdifulle fartøy. Samstundes saknar fylkesdirektøren eit fokus på turistbåtane og cruisetrafikken som har vore vesentleg for framveksten reiselivet i Bergen, Hardanger, Sogn og Nordfjord i tida etter 1850, og som har sett vesentlege spor etter seg.

Satsing på hotella og pensjonata langs kysten kunne med fordel fått ei breiare omtale. Utbygginga av hotella frå siste halvdel av 1800-talet og fram til i dag har hatt ein stor påverknad av leveviset og byggeskikken i bygdene kring. Hotella opna for nye næringsvegar i lokalsamfunna, og sette eit stort preg på bygdene der dei var plassert. Vidare er hotella ein type bygningar som jamleg vert endra for å møte gjestane sine krav. Dette har ført til at få eldre hotell eller pensjonat har bevart mykje av sitt opphavlege utsjånad og karakter. Innan denne kategorien er det særskild dei minste hotella og pensjonata vi har lite kunnskap om, og som er mest sårbare. Det behov for ei heilskapleg kartlegging av hotella og pensjonata, samt deira nærområde langs kysten slik at vi får oppdatert kunnskap om kva vi har att av desse kulturmiljøa.

Innsatsområda

Fylkesdirektøren finn dei fire innsatsområda til samla sett å vere gode og vil bidra til auka bevaring og engasjement knytt til kulturmiljøa langs kysten. Slik fylkesdirektøren ser det vil den største

utfordringa knytt til innsatsområda vere å ha ressursar til oppfølging av aktivitetar og tiltak. Då spesielt innanfor kunnskapsbygging og samhandling med dei frivillige og andre eksterne aktørar.

Bevaring og ombruk

Bevaring og ombruk er etter fylkesdirektøren si vurdering eit sentralt innsatsområde for at vi skal kunne ta vare på kulturarven vår i eit langsiktig perspektiv. Dei kystnære sjøarealet og strandsona står i ei særstilling i Vestland. Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland utarbeidd ein [digital rettleiar for strandsone i Vestland fylke](#)

Kunnskap og kompetanse

Innsatsområdet kunnskap og kompetanse er etter fylkesdirektøren si vurdering avgjerande for å kunne ta vare på kulturmiljøa langs kysten i eit langsiktig perspektiv. I tillegg til å bevare kunnskapen om handverk knytt til bygging av båtar, fartøy og bygningar er det viktig at det også vert lagt opp tiltak og aktivitetar som også omfattar dei immaterielle sidene ved kystkulturen, slik som til dømes båtbygging, skjøtsel av kulturlandskap og det tradisjonelle vedlikehaldet av fiskereiskap. I tillegg kompetansen med å ferdast på sjøen, å ro eller segle, navigere, tolking av sjøkart og bruk av fiskereiskap er ein del av kystens kulturmiljø.

Oppleving og engasjement

Fylkesdirektøren ser på dette innsatsområdet som svært viktig då den langsiktige bevaringa av kulturmiljøa er avhengig av lokalbefolkinga, frivillige og eigarar sitt engasjement for kystens kulturmiljø. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det difor viktig at det vert lagt til rette for tiltak og aktivitetar som famnar mange ulike grupper.

Urfolk og nasjonale minoritatar

Fylkesdirektøren finn det positivt at urfolk og nasjonale minoritatar vert løfta fram som eit eige innsatsområde. Det er naturleg å peike på kulturminna som viser dei båtreisande si historie som særleg viktige i Vestland. Døme kan vere fartøy som vart nytta, kaier og overnattingstadene langs kysten, men også dei stadene der båtreisande budde om vinteren.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Dei lovheimla oppgåvane fylkeskommunen har som kulturmiljøstyremakt, skal gjennomførast uavhengig av bevaringsstrategiane. Det gjeld også prosjekt som fell inn under innsatsområda i bevaringsstrategien. Iverksetjing av bevaringsstrategiane med aktivitetar og tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt.

Klima:

Innsatsområda i bevaringsstrategien vil famne om fleire av dei prioriterte tema i Regional plan for klima 2022-2035.

Endringar i klima med meir ekstremvær og havstiging er eit trugsmål mot kulturmiljøa, der kysten sine kulturmiljø er særleg sårbare. Fylkesdirektøren finn det positivt at bevaringsstrategien set fokus på dette og meiner at det må satsast på å finne gode løysingar for å beskytte kulturarven mot klimaendringane. Vidare er ombruk av kulturminne eit godt tiltak sett i forhold til sirkulærøkonomi. I denne samanhengen er istandsetjinga av bygningsarven, båtar, fartøy og andre kulturmiljø gode klimatiltak og satsinga på handverkskompetanse er i denne samanhengen avgjerande for eit godt resultat.

Folkehelse:

Aktivitetar knytt til kystens kulturmiljø kan fremja god folkehelse gjennom auka frivillig innsats og medverknad. Dette vil også bidra til å skape stadtilhøyre, opplevingar, fellesskap og styrka identitet. I denne samanhengen er det viktig med gode involverings- og medverknadsprosessar. Aktivitetar og tiltak knytt til bevaring av kystens kulturmiljø vil falle inn under innsatsområde 3. Gode, trygge og deltagande nærmiljø/lokalsamfunn i *Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025*.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 byggjer på FN sine berekraftsmål og måla i bevaringsstrategien for kystens kulturmiljø fell også saman med mange av måla i Utviklingsplan for Vestland (Regional planstrategi) og måla i [Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035](#).

Konklusjon

Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø vil, saman med dei andre tematiske bevaringsstrategiane som skal utarbeidast, gje retning for mykje av fylkeskommunen sitt vidare arbeid med kulturmiljø. Gjennomføring av tiltak og aktivitetar i strategien vil etter fylkesdirektøren si vurdering bidra til eit auka engasjement for kulturmiljøa, styrke arbeidet med berekraft og bidra til at eit mangfald av kulturmiljø vert tatt vare på. Iverksetjing av bevaringsstrategiane med aktivitetar og tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt. Fylkesdirektøren rår til at det vert utvikle ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.